



Stryn Luftsportsklubb



Har du draumen om å fly?

Slik får du

Sportsfly sertifikat



www.strynluftsport.no

Kva er Sportstsfly

Sportsfly er fly med plass til to personar og som maksimalt kan vege 473 kg (ei endring på opp mot 600 kg er under arbeid).

Aldersgrensa for å starte utdanninga er 16 år, men ein må være 17 år for å ta sertifikatet. Ein må i tillegg ha ein legeattest omlag som til førarkort. Det er ikkje noko øvre aldersgrense, så lenge lege-papira er i orden.

UTDANNINGA

Utdanninga består av ein teoretisk del og ein praktiske del. Vi samarbeider med andre fly-skular om den teoretiske delen. Den vert ofte gjennomført som samlingsbasert utdanning. Den praktiske delen tek vi her i Stryn. Klubben har eige fly, og som du seinare kan leige til turar eller berre å kose deg i nærområdet.

Den praktiske utdanninga består av minimum 30 timar, nokre av desse er eigentrening.

KLUBBEN

Stryn Luftsportsklubb har fast tilhald på Riise. Om vinteren står skuleflyet på Anda, om sommaren i Stryn.

Klubben disponerer eit fly av typen Ikarus C42, som er eit fly med gode eigenskapar og grei plast til to. Vi har eige klubbhus og hangar. I tillegg er det andre privateigde fly på plassen. Om vinteren står flyet stasjonert på flyplassen på Sandane. På den måten held vi aktiviteten i gong året rundt. Klubben har 3 instruktørar, den eine er instruktør med rett til å utstede sertifikat.

KOSTNADAR

Kostnaden er avhengig av kor mykje tid som går med til utdanninga. Dersom ein tek utgangspunkt i dei 25 lovpålagde timane, teorikurs, bøker og legepapir, ligg summen på omlag kr. 40.000.- Er du ungdom under 25 år, når du er ferdig med utdanninga til pilot, spanderer klubben 5 timar gratis bruk av skule-flyet. Dette har ein verdi på kr. 5000, og dekkjer fly-leige, bensin, forsikring og startavgift på Avinor sine flyplassar.

KORLEIS KOMME I GANG

Ta kontakt med klubben på e-post post@strynluftsport.no
Telefon 90969679 (Ole Anton) / 91545331 (Gunnar)
95239508 (Ola)

Du finn oss på Facebook og på heimesida vår:
www.strynluftsport.no